



Rolf Hamn
Sundet
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2707 - 23/29772

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
19.04.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 1/259 Flatøy

Tiltak: oppføring av tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 1/259
Tiltakshavar: Trude Kvamsdal Solberg
Ansvarleg søkjar: Rolf Hamn

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.03.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er søkt løyve i eitt trinn. Det må da sendast inn ansvarsretter og oppdatert gjennomføringsplan. Det må opplysast kven ansvarleg utførande for mellom anna tømmerarbeid og grunn- og terrengarbeid, og evt. for andre nødvendige områder.
2. Samla bruksareal (BRA) for bustad skal ikkje vere større enn 400 m², jf. KDP føresegn 1.6.14. I matrikkelen er bustaden registrert med BRA på 277 m² og nytt tilbygg er på 131 m². Ny BRA blir da 408 m².

Det må enten søkjast dispensasjon, som må nabovarlast og grunnjevast, elles må tiltaket reduserast i samsvar med føresegn 1.6.14. Dersom tiltaket endrast må søknaden oppdaterast med riktig informasjon.

Kommunen ber om at tilleggsmålingar vert sendt inn samla innan 10.05.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rolf Hamn

Sundet

5918

FREKHAUG